

VOLDA 05.05.2019  
Tlf.Jan M. 70 07 49 94  
Tlf.sentral 70 07 49 90  
E-post [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)  
Org.nr. 941 987 516 MVA

**Hareid kommune**  
**Myravegen 11**  
**6060 Hareid**

Dykkar ref.: Silja Øvrelid

Vår ref.: Jan Magnus Ose

### **Søknad om mindre reguleringsendring for del av PlanID: 1517-20060003 – Hareid sentrum.**

På vegne av Hareid kyrkjelege fellestråd søker ein i samsvar med Pbl. §12-14 om mindre reguleringsendring for del av reguleringsplan for Hareid sentrum – planID: 1517-20060003.

#### **Bakgrunn:**

Hareid sokn har fått tilbod om å ta over Hareid bedehus for bruk som kyrkjelydshus. Huset skal vere ein møteplass for alle, og plasseringa nær kyrkja og sentralt i enden av miljøgata er gunstig m.o.t det aktive, omfattande og førebyggjande arbeidet som soknet gjer i lokalsamfunnet. Nye aktivitetar skal inn, og aktivitetar som alt er etablert i bedehuset skal få halde fram – herunder KFUK/KFUM som driv Ten Sing, Speidaren, korps og kor m.m. Kyrkjelydshuset skal elles kunne leigast ut til ulike arrangement som selskap, konfirmasjon, minne-samvær ved gravferd, møteverksemd m.m.


Soknet si overtaking av bygget vil sikre naudsynt vedlikehald og oppgradering av bygningsmasse, men behovet for kontorarbeidsplassar vert ikkje dekt innanfor eksisterande bygningsmasse. Det er difor ein føresetnad for tiltenkt bruk at ein får bygge til ei fløy slik Bucci Arkitektur AS har vist i skisseprosjektet.

For å realisere desse planane er det behov for ei mindre reguleringsendring. Hareid kommune har difor engasjert Per Mulvik AS i utarbeiding av planendringa - basert på skisser utarbeidd av Hareid sokn v/Andrè Gjerde.

#### **Gjeldande planstatus:**

Gjeldande reguleringsplan for området er basert på eldre plan- og bygningslov med følgjande koding og arealbruksformål:

Kulturhus (O 02):	169 Offentlig bygg – administrativt bygg
Rådhus (O 03):	169 Offentlig bygg – administrativt bygg
Bedehus (A 01):	177 Allmennyttige formål-forsamlingslokale
Køyreveg:	310 Køyreveg
Fortau:	320 Gang-/sykkelveg
Parkeringsplass:	333 Parkeringsplass
Bustad/forretning (B/F12):	910 Bolig/forretning




Figur 1: Utsnitt av gjeldende reguleringsplan for Hareid sentrum – planID: 1517-20060003

### Ny planstatus:

Planendringa er utarbeidd etter gjeldende plan- og bygningslov med slik koding:

Kulturhus (BOP2):	1160 Offentleg eller privat tenesteyting
Rådhus (BOP3):	1160 Offentleg eller privat tenesteyting
Bedehus (BOP1):	1160 Offentleg eller privat tenesteyting
Køyreveg (SKV):	2011 Køyreveg
Fortau (SF1 og 2):	2012 Fortau
Parkeringsplass (SPP1 og 2):	2082 Parkeringsplassar
Bustad/forretning (BKB):	1801 Bustad/forretning



Figur 2: Planendring (med gjeldende plan i bakgrunnen)

### Kort omtale av planendringa:

Endringa tilfører ingen nye element i planen, men alle element innanfor plangrensa er koda i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov i samsvar med oppstillinga ovanfor.

Juridiske linjer som byggjegrænse, senterlinje, køyrebaneant, frisktlinjer (og -soner) m.m er også i prinsipp vidareført frå gjeldande plan, men tilpassa dei justerte formålsgrænse. I tillegg er parkeringsplassar detaljert med linje 1225 – Regulert parkeringsfelt.

Utnyttingsgrad for byggjeområda (% BYA) er også vidareført frå gjeldande plan med unntak av BOP1 (gbnr.41/253) som er gitt ein auke til 100% BYA. Her er også byggjegrænse tilpassa det planlagde tilbygget og trekt lenger ut både mot Bedehusgata og Rådhusplassen. Frisiktsona mellom Kjøpmannsgata og Bedehusgata er elles uendra i høve gjeldande plan.


Maksimal byggjehøgde er definert av arkitekt ,og framgår av dei reviderte føresegnene.

For å få plass til fortau og parkeringsplassar mellom BOP1 og Rådhusplassen, er vegen og krysset mot Bedehusgata trekt noko austover. Frisiktsoner er vidareført frå gjeldande plan og tilpassa det nye krysset som forøvrig er dimensjonert for lastebil etter køyremåte C – jfr.V121 Tabell 1.3.

Også regulert gangfelt over Rådhusplassen er vidareført, men no plassert 5m frå Bedehusgata i samsvar med vegnormalane kap. D.2.5.1:

#### D.2.5.1 Gangfelt


Gangfelt skal utformes som ordinært oppmerket gangfelt eller som opphøyd gangfelt. Gangfelt plasseres der det er naturleg for gående å krysse. Gangfeltet bør enten ligge 1 - 2 m (L) fra kantstein til den gaten som går parallelt med gangfeltet, eller 5 m (L) fra denne. Kort avstand gir liten omveg for gående langs gaten, 5 m avstand gir mulighet for en bil til å stoppe for gående uten å hindre kryssende motorisert trafikk.



Figur D.34: Plassering av gangfelt i gater

Aust for BOP1 blir det med dette plass til 8 ordinære parkeringsplassar à 2,5x5m, samt ein plass à 4,5x6m for rørslehemma nærast gangfeltet.

For å oppnå tilfredsstillande friskt ved gangfeltet, er det lagt inn frisktlinje mellom gangfeltet og Rådusgata i samsvar med V127 figur 3.2. Ein har då lagt til grunn fartsgrense 30km/t langs Rådhusgata. Kravet til friskt gjev elles eit manøvreringsareal framfor pplassane som stettar Sintef Byggforsk sine tilrådingar med noko margin.



Figur 3.4. Stoppssikt. Fartsnivået forutsettes å være lik fartsgrensen eller lavere.

Etter avtale med kommunen er justert vegtrasè føyd saman med traseen i gjeldande plan i nord som vist, men ein minner igjen om at opparbeidd veg ligg noko lenger aust enn regulert trasè og at nedkøyringsrampene til bygningar på vestsida delvis kjem i konflikt med regulert vegtrasè.

I overgangen er senterlinja gitt radius 30m, og vegen er elles regulert i 5m breidde inkl. 2x0,5m skulder som i gjeldande plan - med noko breiddeutviding inn mot Bedehusgata i sør. Krysset er elles stramma opp ved at radiane er endra frå 10 til 9m.

Frå SPP1 og nordover eit stykke er det vest for Råhusplassen regulert inn eit fortau i 2m breidde, medan øvrig areal er regulert til utvidingsareal for gbnr.41/257,635,138 og 152.

Som vedlegg følgjer plankart på PDF og SOSI-format. Plankart 3002\_01 syner planendringa med grunnkart, medan 3002\_02 også viser gjeldande plankart transparent i bakgrunnen. Dette for å synleggjere kva endringar som er gjort.

Mvh  
For Per Mulvik AS

**Jan Magnus Ose (sign.)**  
Prosjektingeniør/planleggar

Vedlegg:

- 3002\_01 Plankart\_1 (PDF: format A2, målestokk 1:500)
- 3002\_02 Plankart\_2 (PDF: format A2, målestokk 1:500)
- 3002\_Plankart (Sosi-format)